



Vår dato:

30.06.2023

Vår ref:

2022/4379

Dykkar dato:

30.05.2023

Dykkar ref:

23/13/PLANID-1524-2011-0001,  
PLANNAVN Kommuneplanens  
arealdel 2008- 2020 Norddal  
kommune, PLANTYPE-20,  
GBN73/140/DARKLY/4186792

FJORD KOMMUNE  
Postboks 144  
6211 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Therese Småland, 71 25 84 94

## Fjord kommune - vedtak i klagesak - gnr/bne 73/140 - ny ferjekai Eidsdal

Statsforvaltaren stadfestar Fjord kommune sitt vedtak i sak 08/23 den 17.02.2023. Klaga har ikkje ført fram.

### Sakshistorikk

Vi viser til Fjord kommune si oversending av klagesak den 30.05.2023.

Norconsult AS søkte 06.04.2022 på vegner av Møre og Romsdal fylkeskommune om rammeløyve for utviding av ferjekai i Eidsdal, gnr/bnr 73/140. Fjord kommune gav løyve den 15.06.2022 i sak 081/22.

Ytterdal Historiske Naustlag klaga på løyvet den 01.08.2022. Formannskapet i Fjord kommune behandla klaga og heldt fast ved sitt vedtak om løyve i møte 01.09.2022, sak 079/22. Den 10.10.2022 oppheva Statsforvaltaren Fjord kommune sitt vedtak grunna saksbehandlingsfeil. Saka vart sendt attende til kommunen for ny behandling.

Fjord kommunen fekk den 03.01.2023 ein ny søknad frå Norconsult på vegner av Møre og Romsdal fylkeskommune, som gjaldt rammeløyve og dispensasjon. I januar 2023 vart søknaden sendt til offentlege sektormynde for uttale. Ingen av dei hadde vesentlege merknader til dispensasjonssøknaden.

Fjord kommune gav løyve og dispensasjon den 17.02.2023 i sak 08/23. Ytterdal Historiske Naustlag klaga på løyvet den 09.03.2023. Norconsult kom med sine kommentarar til klagen i brev den 22.03.2023.

Formannskapet i Fjord kommune vurderte klaga og innstilte kommunestyret på å halde fast på



vedtaket om løyve i møte 11.05.2023, sak 033/23. Kommunestyret behandla saka den 25.05.2023 i sak 022/23, og fant ikkje at klaga inneheldt nye moment som gjer grunn til å endre vedtaket.

Dei sende saka så over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, sjå plan og bygningsloven (pbl) § 1-9.

### Statsforvaltaren si rolle

Klaga er sendt inn innafor klagefristen, og Statsforvaltaren kan behandle saka. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klaga dersom vi finn grunn til det. Dersom vi gir klagar medhald kan vi endre vedtaket eller oppheve det, og sende det tilbake til kommunen for ny behandling, jf. forvaltningslova § 34.

### Saka gjeld

#### Søknaden

Bakgrunnen for søknaden er planane om elektrifisering av ferjesambandet Linge-Eidsdal som fører til utskifting av eksisterande ferjer med nye og større el-ferjer. Det er av den grunn mellom anna behov for bygging av tilleggskai i Eidsdal, med ei effektiv kailengd på 60,5 meter.



Biletet illustrerer ny ferjestorleik med gul markering og ny kailengde i raud markering

#### Lov- og plangrunnlag

Eigedomen gnr/bnr 73/140 høyrer inn under den gjeldande kommuneplanen for Norddal kommune, delplan Eidsdal, utarbeidd den 04.07.2011, og reguleringsplanen for Ytterdal-området, med endringar gjeldande frå 01.09.1994. Planane er begge juridisk bindande dokument som gjennom kart og tilhøyrande føresegner skildrar korleis et avgrensa område kan byggast ut.

I kommuneplanen er området som dagens ferjekai ligg i sett av til hamn. I reguleringsplanen er området i arealkartet vist som kai.



Reguleringsplanen for Ytterdal- området viser konkret kva for eit område som er regulert til kai og ferjeleie. Reguleringsplanen har elles ikkje fastsett noko arealformål i sjø. Av den grunn gjeld kommunedelplanen for dei områda som fell utanfor reguleringsplanen sine grenser.

I kommunedelplanen for Eidsdal gjeldande frå 2011 er det også teikna inn konkret kvar dagens ferjekai ligg. Ny kai vil gå eit stykke utanfor det avsette kaiområdet. Sjøarealet som den nye og større tilleggskaia skal liggje i, er avsett til «allmenn fleirbruk» under hovudkategorien «bruk eller vern av sjø og vassdrag». Etablering av ferjekai til bil- og persontransport er i strid med arealformålet, og det er av den grunn behov for dispensasjon for at tiltaket kan godkjennast.

Kommune har også behandla saka som ein dispensasjon frå kommuneplanens punkt 1 om krav til reguleringsplan, sjå òg pbl. § 12-1. Statsforvaltaren vil difor under gjere ei vurdering av dispensasjon frå både arealføremålet og reguleringsplankrav.

### Klaga

Klagarane er medlemmar av Ytterdal Historiske Naustlag, som eig naust som ligg vestover langs stranda frå ferjekaia. Det er frå klagarane vist til følgjande hovudpunkt:

- Behov for bølgjebrytar for å minske effekten av ferjedrifta og motverke straumvirvlar frå nye ferjer mot nausta. Dispensasjonsvedtaket tek ikkje omsyn til erosjon av strandlinja.
- Mangel på avtale om framtidig områderegulering av Eidsdal sentrum og vurdering av alternative plasseringar av ferjekaia.
- Mangel på konsekvensutgreiing av tiltaket sine verknader på dei visuelle og estetiske kvalitetane og verdiar knytt til det kulturhistoriske naustmiljøet.
- Kommunen sitt erstatningsansvar knytt til manglande vurdering av tiltakets verknad i form av erosjon forårsaka av straumvirvlar frå elektriske ferjer.

### Om dispensasjonsregelen

Kommunen kan gje dispensasjon dersom begge vilkåra i plan og bygningsloven § 19-2 er oppfylt:

- «*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.*»
- «*Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.*»

Dispensasjonsvedtaket kan etter pbl. § 19-3 bli gitt mellombels for tidsbestemt eller ubestemt tid. Kommunen kan etter pbl. § 19-2 setje vilkår til vedtaket.

### Statsforvaltaren si vurdering

#### **1. Dispensasjonsvurderinga**

I denne saka vil omsyna bak kravet om å utarbeide reguleringsplan og omsyna bak arealformålet i sjø i stor grad vere samanfallande. Vi gjer difor ei samla vurdering av dei to dispensasjonane. Vi vurderer først om det første vilkåret i § 19-2 er oppfylt.

Omsyna bak plankravet er å sikre at utviklinga av eit område skjer etter ein heilskapleg og demokratisk prosess. Ein reguleringsplanprosess vil leggje til rette for offentlegheit, samråd og medverknad, og sikre ei brei opplysning av saka. I planprosessen kan ein avklare ei rekke sentrale



forhold som vil vere avgjerande for korleis området kan byggjast ut, og dermed sikre styring med arealbruken.

Når det gjeld arealføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag» er hovudområdet å verne areala mot inngrep som skjer med kostnad for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, allmenne interesse, samt tilgangen til og bruken av sjøområda. Arealføremålet vert også nytta for tiltak i strandsona der aktivitet på land og i sjø heng tett saman. Intensjonen bak dette er å kunne sjå bruken av sjøareala og strandsona i samanheng.

Den føreliggande saka gjeld utviding av ei eksisterande ferjekai. Ferjekaia er opparbeidd med forankring i både gjeldande reguleringsplan og kommuneplan, men plangrunnlaget set ikkje av tilstrekkeleg areal for den utviklinga el-ferjene fører med seg. Søkaren ser det som ei stor regional samfunnsinteresse å få på plass ny kai for etablering av el-ferjer utan å måtte vente på ny reguleringsplan. Vidare fraktar ferjesambandet Linge – Eidsdal stadig fleire turistar til Geiranger og verdsarvområdet, og behovet for å auke kapasiteten på denne ferjestrekninga er stor.

Området og trafikken har etter kvart utvikla seg slik at kommunen ser det som naudsynt å regulere Eidsdal sentrum på nytt. Det er gjennom reguleringsplan at kommunen kan setje rammer for framtidig arealbruk, og sikre demokrati og medverknad gjennom planprosessen. Kommunen har gitt mellombels dispensasjon til utvidinga av ferjekaia i påvente av reguleringsarbeidet. Fjord kommune har vist til at den nye kailøysinga ikkje sperrer for sentrumsutviklinga i Eidsdal sentrum og at omsyna til allmenn fleirbruk ikkje vert sett til sides i særskilt grad.

Statsforvaltaren ser at den utvida ferjekaia med tilhøyrande større ferjer vil utvide areala ferjetrafikken beslaglegg. Den utvida kaia vil sperre for utsikta til dei historiske nausta frå sjøsida, og «byggje dei inne» i større grad enn dagens kaianlegg gjer.

Samtidig vurderer vi det slik at sidan området allereie er avsett til og vert nytta som ferjekai, avgrensar dette mykje anna aktivitet i hamneområdet. Det er lite aktuelt å drive eksempelvis fiske frå båt eller bading ved kaia. Søkaren har også identifisert verknadane av tiltaket og utført ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Omsyna bak krava om regulering som skal sørge for brei opplysning av saka og sikre medverknad frå partar som vert direkte påverka av tiltaket, er i stor grad oppfylt gjennom denne prosessen.

Statsforvaltaren kan av den grunn ikkje sjå at omsyna bak plankravet eller arealformålet i sjø vert vesentleg sett til side ved å gje desse dispensasjonane.

Det første vilkåret i § 19-2 for å gi dispensasjon er oppfylt. Vi vil difor gå inn i ei vurdering av det andre vilkåret.

Sjølv om Ytterdal historisk naustlag ikkje vert direkte råka av tiltaket vil dei få redusert utsikt til sjø og delvis redusert framkomst for dei inste nausta i rekka. Ei utviding av ferjekaia vil også påverke dei visuelle kvalitetane inn mot dei historiske nausta. Ein større del av strandlinja vil «byggast inne» av kaia som totalt vil strekke seg 60,5 meter ut frå land. Opplevinga av dei kulturhistoriske nausta frå sjøsida vert redusert.

Norconsult har i søknaden vist at manøvreringsarealet framfor nausta vil bli mindre, men at det framleis er tilstrekkeleg plass for at båtane kan takast ut i sjøen og på land igjen. Norconsult har også utarbeidd eit notat av 14.11.2022 om «*Påvirkning bølger og strøm ny ferje*», der dei har vurdert



kva verknader bølgjer og straum frå dei nye el-ferjene vil gje. Påverknaden på naustrekka vert ikkje større enn dagens situasjon.

Fordelane ved å gje dei mellombelse dispensasjonane er at ein vil få ein meir solid og oppgradert kaikonstruksjon som er betre eigna til å tolle naturpåkjenningar og endra klima. Ferjekaia legg også til rette for større ferjer på strekninga. Talet på bilar som kan fraktast samstundes vil aukast frå dagens 35 til ca. 80, noko som igjen fører til færre attståande bilar på kaia. Større ferjer kan også føre til færre anløp, noko som vil være positivt for bruken av nausta i området. Ny ferjekai opnar for etablering av lading for el-ferje som gjer at det vert mindre støy og utslepp av klimagassar. Prosjektet er difor samfunnsviktig både lokalt og nasjonalt.

Det vil vere ei viss ulempe ved dispensasjonsvedtaket knytt til at ein framleis ikkje sikrar omsyna til medverknad og demokrati som ein planprosess normalt fører med seg, fullt ut. Denne ulempa vert avgrensa av at vedtaket berre gjeld ein mellombels dispensasjon. Den utvida ferjekaia fører også med seg negative visuelle kvalitetar for naustrekka. Men slik saka er opplyst kan nausta framleis brukast, og dispensasjonsvedtaka gir ikkje særskilte ulemper for bruken av sjøareala elles.

Samla sett kan Statsforvaltaren ikkje sjå at utviding av den eksisterande ferjekaia fører med seg tungtvegande ulemper. På bakgrunn av dette har Statsforvaltaren kome til at fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene. Vilkåra for å innvilge dispensasjon frå kravet til reguleringsplan og arealføremålet i sjø er av den grunn oppfylt.

## **2. Krav om bølgjebrytarar**

Ytterdal historiske naustlag har gjennom heile saka fremja krav om bølgjebrytar mellom den utvida kaia og naustområdet. Dei krev ein bølgjebrytar som stikk djupt i vatnet og som effektivt hindrar bølgjer og straumvirvlar frå dei nye ferjene inn mot naust og støer.

I notatet frå Norconsult av 14.11.2022 er det gjort ei vurdering av korleis forholda vil endre seg angåande bølgjer og straum frå dei nye elektriske ferjene. I notatet vert det konkludert med at dei nye ferjene vil lage små bølgjer ved naustrekka, og at det difor ikkje vil være naudsynt med bølgeskjerming mot desse ferjebølgene.

Fjord kommune har basert seg på denne rapporten og ynskjer ikkje å sette det aktuelle vilkåret. Avgjerda er gjort på eit sakleg og opplyst saksgrunnlag. Statsforvaltaren legg då stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret og står ved kommunens vurdering, sjå forvaltningslova § 34.

## **3. Konsekvensutgreiing av tiltaket**

Norconsult har i sin søknad til Fjord kommune gjort greie for om utvidinga av ferjekaia utløyser krav om konsekvensutgreiing. Etter forskrift om konsekvensutgreiing § 8 skal tiltak konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det er berre endringar i forhold til dagens situasjon som skal vurderast i forhold til krava om konsekvensutgreiing.

Naustrekke har ein kulturhistorisk verdi og er SEFRAK-registrert. SEFRAK-registeret er eit register over bygningar som er eldre enn år 1900. At eit bygg er SEFRAK-registrert betyr ikkje i seg sjølv at det er strengare reglar for tiltak ved slike bygg enn det som normalt følgjer av plan- og bygningslova. Nausta er ikkje freda etter kulturminnelova og er ikkje ført opp i regional kulturminneplan.



Statsforvalteren kan difor heller ikkje sjå at utvidinga av kaianlegget får slike konsekvensar for miljø eller samfunn at det er krav om konsekvensutgreiing i dette tilfellet.

#### **4. Kommunen sitt erstatningsansvar**

Erstatningsrettslege spørsmål knytt til eventuelle feil ved bygningsmyndighetene si saksbehandling og vedtak ligg utanfor vårt ansvarsområde. Slike saker følgjer alminnelege erstatningsrettslege reglar. Her er det fleire saker frå rettspraksis som illustrerer grensedragingar, eksempelvis Rt. 2010 s. 291, Rt. 1972 s. 578 og Rt. 1995 s. 781.

#### **Oppsummering**

Statsforvaltaren finn at vilkåra for å gje dispensasjon frå plankravet og arealføremålet i sjø er oppfylt. Vi stadfestar at Fjord kommune kan gje mellombels dispensasjon og løyve til utviding av ferjekaia. Kommunen si sakshandsaming elles er i samsvar med plan- og bygningslova og vi kan av den grunn stadfeste vedtaket.

Klagen i saka har ikkje ført fram.

#### **Statsforvaltaren sitt vedtak**

Statsforvaltaren stadfestar Fjord kommune sitt vedtak i sak 08/23 den 17.02.2023.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningslova § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet, og er dermed orientert om vedtaket.

Med helsing

Andreas Welle Rusten (e.f.)  
fagleiar

Therese Småland  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
NORCONSULT AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
Robert Bergerud	Eidsdalsvegen 33	6215	Eidsdal
Frode Rønneberg	Rønneberg 179	6215	Eidsdal
Lars Ivar Ytterdal	Eidsdalsvegen 11	6215	EIDSDAL
Ole Theodor Ytterdal	Ytterdalsgata 26	6215	EIDSDAL
Kristian Indreeide	Gamlevegen 10	6215	EIDSDAL
Anne Louise Vestnes Indreeide	Gamlevegen 10	6215	EIDSDAL
Gunnar Inge Eide	Eide 33	6215	Eidsdal
Svein Ove Årset	Kleivavegen 91	6215	Eidsdal
Mari-Linn Hole Bergerud	Eidsdalsvegen 33	6215	Eidsdal
Kjell Narve Indreeide	Indreeide 69	6215	Eidsdal
Leidulf Jan Årset	Klokkerjordet 30	1395	Hvalstad